



Arkeologisk sjaktundersøking
gjennom moderne vegbane
etter førreformatorisk vegfar.

Id 222522 innan kv 2235
Sundeveien, Nordre Sunde
gnr. 41, Stavanger kommune,
Rogaland

Even Bjørdal
Eli-Christine Soltvedt

AM saksnummer: 17/06004
Journalnummer:

Dato: 22.11.2019
Sidetal: 22 + vedlegg
Opplag: 5 papir + digitalt som pdf

Oppdragsgjevar: Statens vegvesen, Norsk
vegmuseum

Stikkord: Veg, Førreformatorisk



Oppdragsrapport 2019/14
Universitetet i Stavanger,
Arkeologisk museum,
Avdeling for fornminnevern

Utgjevar:
Universitetet i Stavanger
Arkeologisk museum
4036 STAVANGER
Tel.: 51 83 31 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: post-am@uis.no

Stavanger 2019

Arkeologisk sjaktundersøking gjennom moderne vegbane etter førreformatorisk vegfar.

Id 222522 innan kv 2235
Sundeveien, Nordre Sunde
gnr. 41, Stavanger kommune,
Rogaland

Even Bjørdal
Eli-Christine Soltvedt



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Rapport til topografisk arkiv



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Vår ref.:

Sakshandsamar:

Arkivkode
613

Dato: 22.11.2019

Kommune: Stavanger

Gardsnavn: Nordre Sunde

Gnr: 41

Bnr: fleire

Lokalitetsnamn: Sundevegen

Tiltakshavar: Statens Vegvesen Norsk Vegmuseum

Adresse: Hunderfossvegen 757, 2625 FÅBERG

Saksnamn: Gamle Sundeveien

SFu saksnr: OF-10501

Brevjournalnr: 17/06004

Flyfotoreg. nr:

Fornminnenr:

ID (Askeladden): 222522

Kartblad og UTM:

H o h: 29-32 m

Aksesjonsnr: 2019/110

Museumsnr: S 14247

Natvit. prøvenr: 2017/09

Fotonr: Sf192399 - 192469

Synfare av (dato):

Av:

Feltundersøking (tidsrom): 03.02. og 28.08.17, ved Even Bjørdal og Krister Eilertsen

Ved: Even Bjørdal

Gjeld:

Arkeologisk synfaring og sjaktundersøking etter førreformatorisk vegfar under kv 2235 Sundeveien

INNHALDSOVERSYN

- 1 SAMANDRAG
- 2 INNLEIING
 - 2.1 Bakgrunn for undersøkinga
 - 2.2 Lokalisering, terrengskildring, dei aktuelle kulturminna sin tilstand før den arkeologiske undersøkinga tok til
 - 2.3 Stadshistorie og registrerte kulturminne i planområdet og i nærmiljøet
 - 2.3.1 Naturhistorie
 - 2.3.2 Tidlegare funn, registreringar og undersøkingar på garden Nordre Sunde gnr 41
 - 2.4 Personar tilknytt undersøkingane i 2017: feltarbeid og etterarbeid
- 3 PROBLEMSTILLINGAR OG FØREMÅL MED UNDERSØKINGA
- 4 METODE OG DOKUMENTASJON
 - 4.1 Undersøkinga: prosessen og dei gravetekniske metodane
 - 4.1.1 Synfaringa
 - 4.1.2 Sjaktundersøkinga
- 5 SKILDRING AV ANLEGG OG AKTIVITETSOMRÅDE
 - 5.1 Frå synfaringa 03.02.17
 - 5.2 Frå sjaktundersøkinga 28.08.17
 - 5.3 Karbondateringane frå 2017-undersøkinga: oversyn og diskusjon
 - 5.3.1 Sjakt A
 - 5.3.2 Sjakt B
- 6 TOLKING AV LOKALITETEN
- 7 FORMIDLING OG PUBLIKUMSKONTAKT
- 8 PROSJEKTEVALUERING

LITTERATURLISTE

VEDLEGG:

- Vedlegg 1 Fotoliste
- Vedlegg 2 Liste over innmålte anleggsspor, prøver, sjakter m.m.
- Vedlegg 3 Katalog for S 14247
- Vedlegg 4 Liste over innsamla nat.vit. prøvemateriale frå undersøkingane i 2017
- Vedlegg 5 Liste over sorterte og analyserte nat.vit. prøver og resultat av karbondateringar
- Vedlegg 6 Skjema med resultat av karbondateringar, Beta Analytic Inc.
- Vedlegg 7 Kartutsnitt med undersøkingsområdet (blå markør) i høve til Stavanger sentrum
- Vedlegg 8 Kartutsnitt med UTM og koordinatar for undersøkingsområdet i og ved Sundevegen
- Vedlegg 9 Oversyn over arkeologiske undersøkingar i og ved Sundevegen 2015 og 2017 lagt på luftfoto frå 1937
- Vedlegg 10 Oversyn over arkeologiske undersøkingar i og ved Sundevegen 2015 og 2017 lagt på luftfoto frå 2019

- Vedlegg 11 Oversyn over anleggspor, prøver, profilsnitt i samband med Sjakt A, 2017
- Vedlegg 12 Oversyn over anleggspor, prøver, profilsnitt i samband med Sjakt B og C, 2017

FIGURAR:

- 1 Undersøkingsområdet (blå markør) si lokalisering på Nord-Jæren, Rogaland.....s. 4
- 2 Oversynskart over Sundevegen og undersøkte område i 2015 og 2017.....s. 7
- 3 Ridevegen og gamletunet på Nordre Sunde. Kartgrunnlag henta frå Refheim 1981....s. 8
- 4 Utsnitt av rektangelkart frå 1855 med veg til Sundegardane....s. 8
- 5 Profil A, med innteikna uttak av makrofossilprøver. Foto mot SSV....s. 12
- 6 Profil B, i kanten av Sundevegen. Foto mot SSØ...s. 13
- 7 Utsnitt av Profil B, med innteikna uttak for makrofossilprøve. Foto mot VSV....s. 13
- 8 Tidleg i arbeidet med Sjakt A. Arkeolog Even Bjørdal krefsar, medan maskinmannskapet avventar. Foto mot N....s. 14
- 9 Oversynsfoto etter opprens av stein-nivå innan Sjakt A. Foto mot SSØ....s. 15
- 10 Profilsnitt gjennom stein-nivå i Sjakt A. Makrofossilprøver henta frå denne profilen. Foto mot SSØ....s. 15
- 11 Steinlag kjem til syne under moderne massar innan Sjakt B. Arkeolog Krister Eilertsen overvakar maskinarbeidet. Foto mot S....s. 16
- 12 Profilsnitt gjennom steinlag innan Sjakt B. Makrofossilprøve teke frå botnen av dette steinlaget. Foto mot N....s. 17
- 13 Sjakt B (til venstre) og Sjakt C (til høgre). Foto mot N....s. 17
- 14 Prosjektleder Even Bjørdal sommaren 2019 tilbake ved området for Sjakt B, i samband med utforminga av artikkel i Årbok for Norsk vegmuseum 2019. Foto ved Håkon Aurlien, SVV Norsk vegmuseum....s. 20

1 SAMANDRAG

I løpet av 2017 utførte Am, UiS to mindre arkeologiske undersøkingar i og ved Sundevegen (id 222522, kv 2235) på Nordre Sunde gnr 41 i Stavanger kommune.

03.02. 2017 deltok to arkeologar frå Am, UiS på ei synfaring til eit anleggsområde i og ved Sundevegen. Der vart to jordprofilar, som truleg viser anleggspor frå høvesvis eldre bruk av Sundevegen og av ein sideveg til denne, reinsa fram, dokumentert og prøveteke. Dette var i Am, UiS sin eigen regi og vart ikkje fakturert som ein kostnad til ein ekstern oppdragsgjevar.


28.08. 2017 gjennomførte Am, UiS, med SVV Norsk vegmuseum som samarbeidspartnar og oppdragsgjevar, ei avgrensa arkeologisk undersøking i sjølve vegbana i Sundevegen (id 222522). Det vart grave to små sjakter gjennom den moderne vegen, med det føremål å leite etter liknande spor etter eldre vegfar her (vikingtid/mellomalder) som var påvist under ei sjaktundersøking i 2015 (id 216998).

Resultata av synfaringa og sjaktundersøkinga i 2017 syner til saman at det finst spor i Sundevegen som er truverdige restar etter eldre vegfar her på staden, både nord og sør om id 216998. Desse spora er tolka til å kunne vere frå heilt tilbake i førreformatorisk tid, og såleis kunne knytast til både den historisk kjende ride-og kyrkjevegen og endå eldre ferdsel i området. Ei karbondatering frå sjakt nord om tunet på garden Nordre Sunde er karbondatert til mellomalder (1300-talet).

2 INNLEIING

2.1 Bakgrunn for undersøkinga

Arkeologisk museum, UiS gjennomførte i 2015 omfattande arkeologiske undersøkingar i nærområdet til kv 2235 Sundevegen, på Nordre Sunde gnr 41, Stavanger kommune (jf. figur 1, Bjørdal mfl. 2018, Bjørdal 2019). Som ein del av dette arbeidet, vart det grave ei lita sjakt gjennom dagens moderne, asfalterte vegbane i denne vegen, for å undersøkje om det fanst restar etter eit eldre vegfar her, kjent frå historiske kjelder som ride- og kyrkjeveg. Denne sjaktundersøkinga påviste eit slikt steinbygd, fleirfasa vegfar gøymt og bevart under bilvegen. Karbondateringar av prøvemateriale frå dette vegfaret har gjeve resultat som stammar frå høvesvis vikingtid og mellomalder. Denne alderen, saman med det faktum at vegfaret synest å halde fram i begge retningar, med same orientering som dagens Sundevegen, gjorde det fagleg sett svært interessant å framskaffe meir informasjon om denne delen av veghistoria. Nærleiken til både to busetnadsområde frå jernalder og det historiske (kjent frå mellomalder fram til i dag) tunområdet på garden Nordre Sunde gav vegfaret ein spennande kontekst.



Figur 1 Undersøkningsområdet (blå markør) si lokalisering på Nord-Jæren, Rogaland

Den følgjande informasjonen er henta frå eit referat (ved Kjersti Tidemansen, SVV Norsk vegmuseum, 29.06.17) frå synfaring og møter 13.06.2017, der representantar deltok frå Arkeologisk museum, UiS, SVV Norsk vegmuseum, SVV Region Vest, Rogaland Fylkeskommune og utbyggjar Nore Sunde AS. Informasjonen forklarar bakgrunn for den påfølgjande arkeologiske undersøkinga i august 2017 og viser til sider ved planleggingsprosessen.

Møta og synfaringa til den aktuelle delen av Sundevegen i Stavanger kommune hadde utgangspunkt i eit ynskje om å ivareta mest mogleg/innhente mest mogleg informasjon om den «Gamle Sundevegen», som er ein veg som har vore i kontinuerleg bruk sidan 800-talet og fram til i dag. Dette er eit unikt kulturminne strategisk plassert ved Hafsløfjorden, som gjev unik kunnskap om vegbygging og vegbruk. Ei slik dokumentert tidsdjupne på ein veg er ikkje tidlegare kjend, og det vil vere viktig for det vidare arbeidet med gamle vegar og vegfar i Noreg. Norsk vegmuseum ynskjer å få til eit prosjekt på dette i samband med prosjektet Historiske vegar og i samarbeid med aktuelle partar i SVV, Arkeologisk museum i Stavanger, Rogaland fylkeskommune og evt. Riksantikvaren.

Områderegulering for Nordre Sunde vart vedteken 29.09.2014. Av ulike årsakar fekk ein ikkje ivareteke Sundevegen som ein historisk struktur i planen. Riksantikvaren ga løyve til å gjere mindre arkeologiske

undersøkingar av vegen i brev av 22.05.2014. Arkeologisk museum i Stavanger utførte undersøkingane i 2015 (Björdal mfl. 2018).

SVV er i gang med ein ny reguleringsplan for fv. 409 Kvernevikvegen, der den planlagte utbygginga rører Sundevegen på to punkt. Utbygginga av områdeplanen Nore Sunde er i gang.

Konkrete mål med møta og synfaringa 13.06.17 var:

- Felles avklaringar og skissering av eit prosjekt om ivaretaking/innhente kunnskap/formidle Sundevegen i forhold til planane Nore Sunde og fv. 409 Kvernevikvegen.
- Få dialog med utbyggjar Nore Sunde om handtering av Sundevegen i forhold til utbygging og framdrift.
- Diskutere vidare strategi, oppgåver og økonomi for det felles prosjektet.

Desse punkta vart teke opp på møta og synfaringa:

- Sundevegen og forholdet til planen fv. 409 Kvernevikvegen: Ein såg på moglegheiter for formidlingspunkt, skilting og eventuelt tilgjengeleg areal av Sundevegen i friområda/leikeområda som ein del av planarbeidet. Planprosessen gjekk sin gang, inkludert der planen kom i konflikt med Sundevegen som fylgjer vanleg prosess i kulturminneforvaltninga.
- Oversikt og kunnskap om Sundevegen: Dette dannar grunnlag for formidling av vegen og planlegging og gjennomføring av vidare undersøkingar i begge dei aktuelle planområda.
- Vidare kartleggingar og undersøkingar av Sundevegen: Det er potensial for vidare kartlegging og undersøkingar av Sundevegen. Til dømes: Stoppar vegen ved garden Nordre Sunde? Kva er Sundevegen sin relasjon til sideveg observert i snitt vinteren 2017, og dei utgravde busettingsområda? Ein måtte ha dialog med utbyggjar Nore Sunde om framdrift på utbygginga for å planlegge undersøkingar innanfor den vedtekne Nore Sunde-planen.

Det vart sett som mogleg å gjere to arkeologiske snitt i Sundevegen i Nore Sunde-planen, og dette burde skje nokså fort i dialog med utbyggjar. AmS rekna på budsjett for ei slik undersøking, og dette vart akseptert som grunnlag for sjølve undersøkinga som blei utført 28.08.17.

Ein oppfordra utbyggjar om at der det vart gjort gravearbeid i Sundevegen i anleggsområda innanfor Nore Sunde-planen, skulle Am, UiS v/Even Björdal bli varsla så fort som mogleg for eventuell dokumentasjon av relevante snitt i vegen. Fleire gamle vegstrukturar kunne dukke opp i grunnen, og det var viktig å få dokumentert dette før det går tapt.

- Finansiering av prosjekt om Sundevegen: Norsk vegmuseum kunne løyve ca. 100 000 til undersøkingar av Sundevegen i 2017. Rogaland FK. og Am, UiS sjølv hadde ikkje midlar til eit slikt prosjekt i 2017. Ein kunne heller ikkje søkje RA om midlar for dette året, men RA ba Am, UiS om å sjå på prioritering av prosjekt til søknadar om midlar for 2018.
- Dialog med Stavanger kommune: Sundevegen er ein kommunal veg. Før ein kunne gå i gang med undersøkingar av vegen i Nore Sunde-planen, måtte ein innhente løyve frå kommunen og prosjektet må seljast inn til kommunen. SVV fann ut kven ein skulle kontakte i kommunen, og ein fekk på plass eit liknande løyve for sjaktundersøking som ein hadde brukt ved sjakting i Sundevegen i 2015 (jf. Björdal mfl. 2018, Björdal 2019 in press).

Konklusjon:

Den historiske Sundevegen ved Hafrsfjord vart vurdert som eit sjeldant kulturminne som gjev unik kunnskap om vegbygging og vegbruk attende til 800-talet. Det var viktig å få ivareteke mest mogleg av strukturen eller kunnskapen ein kan få ut av vegen der den går tapt i utbygging. Statens vegvesen tok kontakt med Stavanger kommune for å få ein dialog med dei om Sundevegen gjeldande vidare arkeologiske undersøkingar og formidling. Arkeologisk museum, UiS utforma plan og budsjett for undersøkingar, og ville gjennomføre undersøkingar i Nore Sunde-planen i dialog med utbyggjar. Norsk

vegmuseum og Arkeologisk museum planla å arbeide vidare for å få på plass ei større finansiering av prosjektet. Utbyggjar Nore Sunde AS ville varsle Am, UiS så fort som mogleg om eventuelle gravearbeid i Sundevegen, slik at ein kan få dokumentert den gamle vegen.

2.2 Lokalisering, terrengskildring, dei aktuelle kulturminna sin tilstand før den arkeologiske undersøkinga tok til

Garden Nordre Sunde grensar mot innløpet til Hafrsfjord (jf. figur 1). Det er gode kommunikasjonsruter frå garden, både til lands og på vatnet. Mot nordvest ligg sjøve havet og munningen til Hafrsfjorden, og mot nordaust ligg Hålandsvatnet. Rett nordover kan ein kome landevegen til Kvernevik og vidare mot Randaberg, og mot sør-søraust strekkjer høgdedraga seg mot Madla og resten av Stavanger – området.

Det i 2015 påviste vegfare (id 216998) under dagens kv 2235 Sundeveien (c. 27 m.o.h.) har etter alt å dømme gått om lag nordvest – søraust, på tvers av skråninga ned mot Hafrsfjord si fallretning. Nærområdet var ved undersøkingstidspunktet i 2017 prega av dyrka mark, einebustadar med hagar, det tradisjonelle gardstunet på Nordre Sunde, og den smale Sundeveien, som med sine gamle steinmurar slynga seg gjennom landskapet. Anleggsarbeidet tilknytta den nye reguleringsplanen var godt i gang, med diverse graving og planering – mykje hadde endra seg sidan 2015-utgravinga var avslutta. Ei strekning av kv 2235 Sundeveien var registrert i kulturminnedatabasen Askeladden med id 222522 (jf. vedlegg 8), det var innanfor denne som sjaktene i 2017 vart plassert. Tilstanden til det som måtte finnast innan id 222522 var såleis uavklart før undersøkingane i 2017 tok til, men ein hadde som arbeidshypotese at vegfare påvist i 2015 kunne finnast også i andre delar av id 222522.

2.3 Stadshistorie og registrerte kulturminne i planområdet og i nærmiljøet:

Hafrsfjorden er ein stad som har ein særskilt plass i Noreg si historie, grunna sjøslaget her i fjorden på slutten av 800 - talet. Kong Harald Hårfagres siger i dette slaget sette ein stoppar for mykje av dei lokale høvdingane og småkongane si makt i denne delen av Vestlandet, og var såleis et tidleg forsøk på å samle dei norske områda til eit rike.


2.3.1 Naturhistorie

Området nord for Hafrsfjord er ein del av det Kaledonske orogene komplekset, der berggrunnen inneheld metamorfe bergartar, som fyllitt, med overliggande morene av varierende tjukkleik.

Det er utvikla ei strandlinekurve for Hafrsfjordområdet basert bl.a. på undersøkingar frå Sunde, der det syner seg ein to-toppa Tapestransgresjon (Tapes: postglasial varmetid frå ca. 8000 til ca. 4000 år før notida. Transgresjon: havnivåstiging gjekk i ein periode raskare enn landhevinga), der den eldste fasen er estimert til 6500 år BP (c. 7430 før notid, kalibrert til solår), og den yngste til 5200-4800 BP (c. 5930-5540 før notid, kalibrert til solår) (Prøsch-Danielsen & Selsing 2009).

Frå det arkeologiske materialet veit man at buplassen på Nordre Sunde frå eldre steinalder (Sunde 34, id 65783) er datert til c. 6000 f.Kr. og var transgredert, dvs. at buplassområdet på eit seinare tidspunkt blei oversvømt av havet (Braathen 1985).

Vegetasjonshistoria for Jæren er sammenfatta i Prøsch-Danielsen & Simonsen (2000) og Prøsch-Danielsen & Selsing (2009). Overgangen fra eikeblandingsskog til byrjande lyngheidanning er vurdert å ta til fra ca. 2500 f. Kr. i tilknytning til skogrydding og svibruk, og med intensivering frå 1900-1400 f. Kr. då jordbrukspåverknaden med åkerbruk er tydeleg.




Figur 2 Oversynskart over Sundevegen og undersøkte område i 2015 og 2017.

2.3.2 Tidlegare funn, registreringar og undersøkingar på garden Nordre Sunde (gnr. 41)

Gjenstandsfunn: fagleg utgravne og andre innleverte

På garden Nordre Sunde er det gjort ei stor mengde gjenstandsfunn, og dei stammar frå dei fleste førhistoriske periodar innan tidsspennet eldre steinalder - mellomalder. Funna har kome fram anten gjennom arkeologiske undersøkingar eller som innleverte enkeltfunn til museet. I alt omfattar dette fleire hundre gjenstandar, heile eller fragmenterte.

For meir detaljert informasjon om funn, registreringar og utgravingar på Nordre Sunde, sjå oppdragsrapport for dei arkeologiske utgravingane på garden i 2015 (Bjørdal mfl. 2018).



Figur 3 Ridevegen og gamletunet på Nordre Sunde. Kartgrunnlag henta frå Refheim 1981



Figur 4 Utsnitt av rektangelkart frå 1855 med veg til Sundegardane

2.4 Personar tilknytt undersøkingane i 2017: feltarbeid og etterarbeid

Feltarbeidet føregjekk i løpet av to dagar, høvesvis 03.02.17 og 28.08.17 (jf. vedlegg 7,8,9,10).

Førstnemnde dato var ei synfaring til området ved Sundeveien, basert på informasjon om at det ved anleggsarbeidet hadde blitt grave ei stor skjering for ny vegbane i skråninga her. Skjeringa gjekk på tvers av Sundeveien, og gav såleis eit godt potensiale for å undersøkje om det fanst spor etter både sjølve det gamle vegfarete under Sundeveien (påvist i 2015 som id 216998, ca. 50 meter lenger mot NV), og ein historisk

kjent sideveg til Sundeveien, over jordet i SV. To arkeologar frå Am, UiS deltok på synfaringa, nemleg Even Bjørdal og Krister Eilertsen. Synfaringa var ikkje ein del av samarbeidsprosjektet mellom Am, UiS og SVV Norsk vegmuseum, og kostnader i samband med synfaringa og etterarbeidet er såleis teke av museet sjølv. Informasjonen om synfaringa er likevel teke med i denne rapporten for å halde relevant kunnskap om undersøkingar i Sundeveien-området i 2017 saman. Synfaringa, med tilhøyrande dokumentasjon og prøvetaking, tok 1 arbeidsdag for dei to arkeologane, dvs. 2 dagsverk. Etterarbeidet, med flottering av jordprøver, kvalitetssikring av dokumentasjon og utforming av tekst for integrering i denne oppdragsrapporten, tok samla 1 dagsverk, fordelt på prosjektleiar Even Bjørdal og naturvitar Eli-Christine Soltvedt.

Sjølve sjaktundersøkinga, med graving av to små sjakter («A» og «B») gjennom den moderne vegbana til Sundeveien, fann stad i løpet av 28.08.17. Dei same to arkeologane frå Am, UiS som hadde vore på synfaringa i februar, Even Bjørdal og Krister Eilertsen, var til stades. I tillegg deltok maskinførar og handmann frå entreprenørfirmaet Nordbø Maskin AS. Feltarbeidet var organisert slik at ein først starta med Sjakt A, der ein med maskin grov seg ned til eit steinfylt nivå under fundamenteringsmassene for den moderne vegen. Dette nivået vart vurdert som mogleg førreformatorisk, og medan ein av arkeologane heldt fram med å reinse opp og deretter dokumentere dette nivået, forflytta resten av gravelaget seg til eit stykke NV om tunet på garden Nordre Sunde. Der opna dei opp ei liknande sjakt, Sjakt B. Såleis fekk ein best mogleg utnytta ressursane, det vart ingen unødvendig venting i løpet av dagen. Etter ferdig dokumentasjon av begge sjaktene, vart dei fylt att og så noko seinare reasfaltert.

Vertilhøva var bra, både ved synfaringa og ved sjaktundersøkinga, opphaldsver og greitt arbeidslys gjorde at feltarbeidet fungerte godt.

Feltarbeidet og etterarbeidet har halde seg til rammene sett i det prosjektspesifikke budsjettet, med det tillegget at prosjektleiar Bjørdal har skrive saman den ferdige oppdragsrapporten i løpet av nokre dagar i november 2019. Naturvitar Eli-Christine Soltvedt har sortert og analysert fire stk. makrofossilprøver frå dei to sjaktene, og plukka ut høveleg botanisk materiale for karbondateringar (jf. vedlegg 4,5,6).

3 PROBLEMSTILLINGAR OG FØREMÅL MED UNDERSØKINGA

Fleire involverte partar (Am, UiS, SVV Norsk vegmuseum, Rogaland fylkeskommune, RA) var interesserte i det gamle vegfarete under Sundevegen (jf. kap. 2.1).

Føremålet med sjaktundersøkingane i 2017 var generelt knytt til følgjande punkt:

- a) Ein arkeologifagleg og veghistorisk målsetnad om å finne ut meir om kva som var bevart av det gamle vegfarete påvist i 2015 (id 216998).
- b) Eit formidlingsperspektiv, der ein ønskte å leggje til rette for at informasjon om eit slikt sjeldan kulturminne skulle formidlast både lokalt på staden (formidlingspunkt, skilting o.l.) og gjennom publisering (aviser, artiklar m.m.).

I samband med a), så utarbeidde Am, UiS ved prosjektleiar Even Bjørdal nokre meir konkrete problemstillingar som var førande for sjaktundersøkingane, både i felt og i etterarbeidet. Desse var naturleg nok knytt opp mot den kunnskapen ein allereie hadde frå utgravingane i 2015, og kan summerast slik:

- a) Finst det liknande spor etter eit gammalt vegfar som det påviste i 2015 (id 216998) fleire stadar under den moderne vegbana til Sundevegen (innan delen registrert som id 222522)? Er det i så fall truleg at det faktisk stammar frå det same vegfarete, eller kan det vere snakk om andre bruksfasar eller evt. andre vegfar? Og meir spesifikt, kan ein finne slike gamle restar etter ferdelsveg også nord om tunet på garden Nordre Sunde? (jf. eldre kart der vegløy er teikna inn herifrå og mot

Revheim/Madla i søraust). Er det sannsynleg at slike påviste restar etter vegfar stammar frå den historiske kjende ride-/kyrkjevegen?

- b) Er det mogleg å få gjort karbondateringar på materiale frå slike trulege vegfarkontekstar som støttar opp om resultatata frå 2015 om brukstida til «Gamle Sundevegen»? (vikingtid/mellomalder)
- c) Let det seg gjere å påvise daterbare gjenstandsfunn in situ ved sjaktninga som på truverdig sett kan knytast til konstruksjon eller bruk av eit slikt gammalt vegfar?
- d) Kan ein knyte eksistensen av slike vegfar (eitt eller fleire) i sjaktene til kontekstar som det historiske gardstunet på Nordre Sunde og/eller gardsanlegga frå jernalder på høvesvis id 141996 og 141998? Ei av sjaktene («A») vil bli lokalisert i nærleiken av id 141998 i søraust, medan den andre («B») vil bli lokalisert like ved både tunet og id 141996.
- e) Kan det naturvitskapelege prøvematerialet (frø, treverk o.l.) fortelje noko om landskapet rundt eller aktivitetar på/ved eit gammalt vegfar? Kan prøvematerialet nyttast til karbondateringar?

4 METODE OG DOKUMENTASJON

4.1 Undersøkinga: prosessen og dei gravetekniske metodane

4.1.1 Synfaringa

Synfaringa 03.02.17 gjekk føre seg slik at arkeologane kom til den allereie oppretta skjeringa gjennom Sundvegen (anleggsarbeid utført av utbyggjar av området), for deretter å først vurdere forholda, så reinse opp med spade og graveskei, fotografere og måle inn detaljar ved to utvalde profilveggar («Profil A» og «Profil B») i samband med skjeringa, og til slutt ta ut totalt 8 stk. makrofossilprøver frå fagleg interessante kontekstar innan desse to profilane (jf. figur 5,6,7, vedlegg 2,4,9,10). Av desse 8 prøvene vart 3 valt ut for vidare flottasjon og lagring hos Am, UiS (ingen vart sortert/analysert nærmare), medan 5 stk vart kassert. Det vart målt inn med GPS-verktøy (Trimble C-pos) presise punkt for kvar makrofossilprøve, i tillegg vart det på liknande vis målt inn punkt for georeferering av foto av profilane (kvart slikt punkt viser til ein spikar sett inn i profilen og synleg på foto, slik at desse innmålte spikrane til saman kan brukast til å sy saman eit fotogrammetrisk bilete som er lokalisert med korrekte koordinatar).

4.1.2 Sjaktundersøkinga

Sjaktundersøkinga 28.08.17 skilde seg frå synfaringa i februar på fleire vis, men det viktigaste var at ein no hadde ein plan for utgravinga før oppstart og at arkeologane sjølv styrte graveprosessen. Ein hadde med utgangspunkt i problemstillingane kome fram til to aktuelle område for sjaktning gjennom Sundevegen. I tillegg til dei faglege kriteria (jf. kap. 3), måtte ein også ta ein del praktiske omsyn som kablar og røyr i grunnen, ferdsel på vegbana og anleggsområde i nærleiken av vegen. Til dømes kunne ein ha ønskt å opna opp Sjakt A noko lenger mot søraust i Sundevegen, i eit noko høgareliggande og dermed truleg tørrare område, som også var nærmare id 141998, men dette viste seg lite praktisk på grunn av meir anleggsarbeid og trafikk her. For begge sjaktene (jf. vedlegg 9,10) var forholda slik at ein ikkje kunne grave seg ned i heile breidda på vegbana, sidan det langs den austlege «langside» var grave ned kablar/røyr. Ein ønskte heller ikkje å øydeleggje/fjerne steinmurar langs kanten av vestsida av vegen, difor fekk ein ikkje grave seg utanfor Sundevegen i denne retninga heller.

Storleiken på sjaktene vart elles avgjort av kor mykje tid som var tilgjengeleg for arbeidet (begge sjaktene skulle gravast, dokumenterast og fyllast att i løpet av ein arbeidsdag) og av kva ein støytt på av moglege vegfarrestar. Det skulle opnast opp nok til at ein fagleg sett kunne vurdere utbreiing, innhald og type av eventuelle strukturar bevart under den moderne vegen, det var ikkje ein målsetnad å avdekke vegfarrestar i mange titals meters lengde. Slik sett vart sjaktene meir «tuttehol» enn flateavdekking. Endeleg storleik på

sjaktene var høvesvis ca. 18 m² (Sjakt A) og ca. 14 m² (Sjakt B). I tillegg vart det grave ei lita «ekstrasjakt» (Sjakt C) like aust om Sjakt A for å vurdere utbreiinga av eit steinlag i denne retninga, denne var på ca. 6,5 m².

Ein starta først med å opne opp Sjakt A i søraust, før ein deretter forflytta gravemaskina til området for Sjakt B nordvest om tunet på garden Nordre Sunde. Dokumentasjonsarbeidet føregjekk så til dels parallelt innan dei to sjaktene (jf. omtale kap. 2.4). Framgangsmåten var lik i samband med Sjakt A og B; gravemaskina fjerna masser frå asfalten i toppen og gradvis nedover til ein støytt på eit nivå som framstod som noko anna enn fundamentering for den moderne vegbana. Tjukkleiken og antal lag i desse fundamenteringsmassene varierte mellom Sjakt A og B (jf. figur 9,10,12), frå 2-3 lag og 4-5 lag og ca. 50-80 cm i Sjakt B til over 100 cm i Sjakt A. Desse laga vart berre dokumentert ved foto, ein valde å ikkje bruke meir av den knappe tida på ytterlegare dokumentasjon av desse relativt homogene, klart påførte massene av sand og grus. I både Sjakt A og B dukka det opp klare nivå/lag med høgt innhald av steinar under desse fundamenteringslaga (jf. figur 9-13). I Sjakt A var tilhøva krevjande å tolke, det blei klart at det hadde skjedd forstyrringar her, både frå ei steinsett dreneringsgrøft, frå konstruksjonen av steinmuren langs vegen og frå sjølve fundamenteringa av den moderne vegbana. I tillegg var låg dette området i eit søkk i terrenget, slik at det samla seg lett vatn her. I Sjakt B var det lettare å få oversyn over forholda, med færre moderne forstyrringar av steinlaget og utan oppsamling av vatn. Ein valde å opne opp Sjakt C like aust om området med kablar/røyr, for å sjå om steinlaget heldt fram i denne retninga (og dermed kanskje heller skulle forståast som ei større, steinlagt overflate, som ein gardsplass like ved tunet). Tidspress gjorde at Sjakt C ikkje vart så nøye reinsa opp og dokumentert som dei to andre sjaktene, men tilhøva vart likevel klarlagt nok til at ein påviste at steinlaget synleg i Sjakt B ikkje heldt fram her. Dette styrkar hypotesa om at steinlaget mest truleg tilhører eit steinbrulagt vegfar her. Både i Sjakt A og i Sjakt B grov ein eit profilsnitt på tvers av steinlaga, for å få fram informasjon om djupne og innhald og for å få gode kontekstar for prøveuttak (jf. figur 10,12).

Ved sjaktundersøkinga vart det utført dokumentasjon ved hjelp av digital innmåling med GPS-verktøy (Trimble C-pos) av sjakter, anleggsspor (lag, mur o.l), profilsnitt gjennom steinlaga, og punkt for uttak av makrofossilprøver (jf. vedlegg 1,2,4). Det blei her ikkje prioritert å utføre særskilt fotografering med tanke på fotogrammetri og georeferering, ein vurderte tilhøva slik at det var fagleg tilstrekkeleg å bruke vanlege oversynsfoto av plan og profil.

Det vart teke ut i alt 4 stk. makrofossilprøver; 3 stk. frå Sjakt A, 1 stk. frå Sjakt B og ingen frå Sjakt C. Fordelinga var basert på at Sjakt A hadde dei mest komplekse tilhøva, og at profilsnittet viste sjikt/lommer som gjorde det aktuelt å ta ut fleire prøver herifrå. Snittet gjennom steinlaget i Sjakt B viset derimot ein enkelt og homogen stratigrafi, så der nøyde ein seg med å ta ut ei prøve frå den massen som steinane låg i. Sjakt C inneheldt ingen gode kontekstar for prøvetaking. Alle makrofossilprøvene vart flottert, sortert og analysert (jf. vedlegg 5). Det vart plukka ut daterbart materiale, både forkola og ubrent, for totalt 6 stk karbondateringar (to typar materiale vart karbondatert frå både prøve nr 1 og nr 3 frå Sjakt A), noko som gav 5 stk karbondateringsresultat frå Sjakt A og 1 stk frå Sjakt B (jf. vedlegg 5,6). Sjølve dateringsresultata og ein del kjeldekritiske poeng i tilknytning til dei, vert presentert nærmare seinare i teksten (jf. kap. 5). Reint generelt, så fortel ikkje innhaldet i makrofossilprøvene meir om landskapet og aktivitetar her i fortida enn det som ein allereie veit utifrå dei botaniske analysene utført i samband med utgravingane i 2015 (jf. Bjørdal mfl. 2018). Den høge alderen (over 8000 år gammalt) på ubrent trevirke funne i prøver frå Sjakt A viser at bevaringsforholda her (mørkt og vått) har fungert om lag som ei myr, og at det teoretisk sett godt kunne ha blitt bevart svært gamle tregjenstandar i denne konteksten.

5 SKILDRING AV ANLEGG OG AKTIVITETSOMRÅDE

5.1 Frå synfaringa 03.02.17

På synfaringa vart det undersøkt to profilar («A» og «B») i samband med den moderne skjeringa gjennom og ved Sundevegen (jf. vedlegg 1,9,10).

Profil A låg ca. 35 meter VSV om Sundevegen, på eit jorde der det tidlegare har gått nokre lokale sidevegar til Sundevegen (jf. figur 5, vedlegg 9). Tilhøva var noko krevjande å tolke, grunna samanrasing i den fleire meter djupe skjeringa og forstyringar tilknytta kablar til ein lokal el-boks like ved. Men profilsnittet gav klart inntrykk av slitasje og påfylte (fundamenterings-) masser i eit nivå på totalt ca. 50 cm djupne og 4-5 meters breidde her. Det verkar ikkje å ha vore ei kompakt, solid konstruert steinoverflate på denne vegen. Liknande situasjon var ikkje synleg elles i den lange skjeringa. Dette indikerer at laga innan Profil A mest truleg stammar frå ferdsel på eitt eller fleire lokale vegfar her, og at det sannsynlegvis er ein bruksfase av desse vegane/stiane som ein kan sjå på luftfotoet frå 1937 (jf. vedlegg 9). Når den første ferdselen her tok til, er uavklart, men det er teikna inn ein sideveg til Sundevegen her på utskiftingskartet frå 1869 (jf. Bjørdal mfl 2018).




Figur 5 Profil A, med innteikna uttak av makrofossilprøver. Foto mot SSV.

Profil B låg i samband med sjølve Sundevegen, heilt mot vegkanten mot SV i eit område der vegen passerar ein liten bergknaus. Anleggsarbeidet hadde forstyrra kraftig sjølve vegbana her, men det var bevart restar under nokre større kantsteinar. Skjeringa viste tydleg at grunnfjellet var nesten oppe i dagen her, tjukkleiken på massene over var berre på ca. 50 cm. Dette indikerte i seg sjølv at eit eldre vegfar her neppe hadde vore særleg tjukt fundamentert med steinfylte lag, sidan fjellet gjorde dette unødvendig (jf. omtale om tilhøva i Sjakt 1 frå 2015 i Bjørdal mfl 2018, og om sjaktene frå 2017 presentert nedanfor). Dei bevarte restane av eit mogleg vegfar ved Profil B innheldt tydeleg meir steinar enn det som var synleg i den ovanfor omtalte Profil A. Steinane framstod også som relativt sorterte i storleik og låg i eit jamt nivå (jf. figur 6,7). Elles i dette laget, som var ca. 30-40 cm djupt, fanst det ei gråbrun humushaldig, siltig masse under og rundt steinane. Under dette nivået fanst det eit gråare lag av silt og leire som i sin tur låg rett på grunnfjellet.



Figur 6 Profil B, i kanten av Sundevegen. Foto mot SSØ.



Figur 7 Utsnitt av Profil B, med innteikna uttak for makrofossilprøve. Foto mot VSV.

Situasjonen hadde fleire likskapstrekk med forholda i Sjakt B frå 2017 (jf. figur 11-13), sjå meir om denne nedanfor. Dersom det faktisk var liknande restar etter eit eldre vegfar som var synleg her ved Profil B, så var nok mykje av den sentrale delen av vegfaret øydelagt allereie før anleggsarbeidet i 2017. I området aust om den vestre vegkanten var det fleire ulike forstyrringar og lagrestar, ingen av dei inneheldt eit liknande nivå med sorterte steinar. Dei større steinblokkene i vegkanten var klart plassert der i nyare tid, dei låg alle over det konsistente laget av sorterte steinar.

5.2 Frå sjaktundersøkinga 28.08.17

Ved sjaktundersøkinga vart det opna opp tre sjakter («A», «B», «C»), der Sjakt A og B blei grave gjennom sjølve Sundevegen medan Sjakt C vart opna utanfor vegbana for å gje supplerande informasjon til informasjonen frå Sjakt B like ved (jf. figur 9-13, vedlegg 2,9,10,11,12).



Figur 8 Tidleg i arbeidet med Sjakt A. Arkeolog Even Bjørdal krafsar, medan maskinmannskapet avventar. Foto mot N.

Sjakt A (innmålingsID 50000) inneheldt eit klart konstruert, steinlagt nivå som kom til syne etter fjerning av dei overliggende fundamenteringsmassen tilhøyrande den moderne vegbana (jf. figur 9). Detaljane ved oppbygginga av dette nivået var krevjande å forstå, men det er grovt sett tolka som todelt: ein nordleg del (50300), inn mot midten av vegbana, som hadde steinar av noko mindre storleik enn den resterande delen (50200). 50200 inneheldt også ei veit/dreneringsgrøft som gjekk om lag på tvers av vegbana og som var bygd opp som ein kanal med steinar i ytterkant og større flate, steinar som «lok». Både i den nordlege og den sørlege delen av sjakta var forstyrringane frå den moderne vegen kraftigare, her mangla nivået med steinar og ein kunne i sjaktprofilen sjå at dei overliggende sand- og grushaldige fundamenteringslaga for «asfaltvegen» gjekk ein god del djupare ned i bakken her.



Figur 9 Oversynsfoto etter opprens av stein-nivå innan Sjakt A. Foto mot SSØ.



Figur 10 Profilsnitt gjennom stein-nivå i Sjakt A. Makrofossilprøver henta frå denne profilen. Foto mot SSØ.

Langs vegkanten i VSV gjekk det ein steinmur. Utgravinga heldt seg på innsida av denne, og det vart tidleg klart at steinane i denne muren hadde blitt flytta på fleire gangar, også i nyare tid. Truleg har dette skjedd ved diverse utbetringar av vegen, kjent frå både slutten av 1800-talet og utover på 1900-talet. Liknande situasjon hadde kome for dagen i samband med Sjakt 1 i 2015 (jf. Bjørdal mfl. 2018). Sidan ein ved Sjakt A i 2017 ikkje ville fjerne sjølve steinmuren langs vegen, vart det ikkje mogleg å undersøkje om det eventuelt kunne vere bevart restar av eldre vegfar under dei omrota øvre delane av muren. Eit fellestrekk med tilhøva i Sjakt 1 frå 2015, var at det steinrike laget her i botnen av vegtraséen ikkje såg ut til å vere moderne påført. Steinane framstod som plasserte for hand, ikkje dumpa av maskin. Steinane mot botnen låg i ei fuktig, seig jordmasse, med delar av grunnfjellet rett under. Eit profilsnitt gjennom både 50200 og 50300 viste at medan dei større steinane (tilhøyrande 50200) låg berre ein i djupna, så inneheldt 50300 meir eit lag av fleire, sorterte og mindre steinar, opptil 50 cm i djupna totalt. Den resterande massa mellom og under steinane var ei brun, spetta blanding av humushaldig silt og linser av sand og grus, alt direkte

over grunnfjellet. Det var tydeleg at dette lenge hadde vore eit fuktig område (jf. 4.1.2). Det er vanskeleg å kome med ei klar tolking av desse tilhøva; etter alt å døme er det snakk om eit fuktig søkk i naturen som gjennom diverse formasjonsprosessar opp gjennom åra har blitt fylt opp med stabiliserande masser. Kor mykje av dette som faktisk har vore del av eit eventuelt steinlagt vegfar frå mellomalder, er uavklart, men steinnivået under den moderne vegbana indikerer bevarte restar av intensjonell konstruksjon her frå før biltrafikken si tid. Steinane heldt fram utanfor undersøkingområdet, både i lengderetninga mot nordaust og i breidda til vegbana. Alderen på den omtalte steinbygde veita er også uavklart, men slike har andre stadar blitt datert til 17-1800-talet.

Sjakt B (innmålingsID 50700) inneheldt eit særst tydeleg konstruert steinlag (51100), som strekte seg gjennom heile sjakta si breidde og lengde. Sjakt B blei grave gjennom Sundeveien i eit område c. 30 meter nord om sjølve tunet til garden Nore Sunde. Dette var samstundes berre c. 13 meter nordvest om Felt 2 frå dei arkeologiske undersøkingane i 2015 (jf. figur 2,11,12,13). Dersom ein no kunne finne spor etter gammalt vegfar her, så ville det i så fall vere lokalisert om lag like nær jernaldergarden som den historisk kjende garden på Nore Sunde. Grunna liknande infrastrukturutfordringar som ved Sjakt A, blei undersøkingområdet (c. 6,7 x 2 meter) her plassert på langs av den asfalterte vegbana, i det tilgjengelege arealet mellom steingjerdet i vest og ei kabelgrøft i aust. Her bør det nemnast at det i røynda vart grave to sjakter i dette området. Men, den smale «ekstrasjakt», Sakt C, rett vest om Sundeveien og kabelgrøfta, viste seg å vere meir forvirrande enn informativ grunna både forstyringar i bakken og tidspress. Det følgjande vil såleis dreie seg om «hovudsjakt» her, Sjakt B skoren gjennom asfalten.



Figur 11 Steinlag kjem til syne under moderne massar innan Sjakt B. Arkeolog Krister Eilertsen overvakar maskinarbeidet. Foto mot S.

Det gjekk raskt å finne eit steinlag i Sjakt B. Sand- og grusmassane som fundamenterte den moderne vegen var berre om lag 0,5 meter djupe her, dette var klart tynnare enn for både Sjakt A og for Sjakt 1 i 2015. Rett under desse grå fyllmassane kom det til syne eit kompakt nivå av steinar, som saman med ei raudbrun humusrik siltmasse til saman danna eit distinkt, klart konstruert lag. Dette laget låg i sin tur rett på liknande undergrunnsmasse som ein tidlegare hadde sett i 2015 ved undersøkingane på Felt 2 like ved. Etter å ha reinsa opp og dokumentert det meste av sjakta i flata, blei det også her grave eit profilsnitt gjennom steinlaget. Det steinfylte laget minna ein god del om situasjonen i Sjakt 1 frå 2015, på ved plassering, innhald og tjukkeleik (c. 20-30 cm). Dei viktigaste ulikskapane var at laget no inneheldt noko større steinar (diameter c. 10-40 cm) og at det ikkje tydeleg fanst fleire bruksfasar/reperasjonar. Det blei

ikkje påvist moderne inngrep eller nyare tids gjenstandar/avfall på eller i dette laget, og det heldt fram utanfor sjakta, både i breidda og i lengderetninga. Det vart teke ut ei jordprøve frå profilsnittet i Sjakt B, denne kom frå mellom steinar mot botnen av laget.

Resultatet frå Sjakt B var så langt klart meir oversynleg og lovande enn for den rotete og fuktige Sjakt A, men ein skulle gjerne ha visst meir om storleiken til denne strukturen, særleg avgrensinga i breidda. Dette var grunnen til at ein som nemnt valde å opne opp ei smal «ekstrasjakt» Sjakt C mot aust, parallelt med



Figur 12 Profilsnitt gjennom steinlag innan Sjakt B. Makrofossilprøve teke frå botnen av dette steinlaget. Foto mot N.



Figur 13 Sjakt B (til venstre) og Sjakt C (til høgre). Foto mot N.

Sjakt B. Håpet var å kunne få nærmare avklara om steinlaget innan Sjakt B faktisk stamma frå ein veg, at det til dømes ikkje var knytt til eit større, steinsett gardsplassområde her like ved det historiske tunet. Den vesle sjakta viste seg lite informativ; det fanst enkelte steinar her av liknande storleik og i tilsvarende nivå, men dei danna ikkje eit slikt distinkt, samanhengande lag. Så, sjølv om tilhøva er noko uklare når det gjeld breidda på dette moglege gamle vegfare, verkar det sannsynleg at vi står ovanfor noko liknande form for ferdselsåre som vart påvist i Sjakt 1 i 2015.

5.3 Karbondateringane frå 2017-undersøkinga: oversyn og diskusjon

Det er utført seks ¹⁴C-dateringar i samband med sjaktundersøkingane i Sundevegen frå 2017, fordelinga er høvesvis fem frå Sjakt A og ei frå Sjakt B (jf. vedlegg 5,6). Ein har nytta både brent (fire stk) og ubrent (to stk) materiale (treverk, frø), alt etter kva som var til stades i jordprøvene. Ofte vil ein foretrekke brent materiale, sidan ubrent kan rotne (og dermed i utgangspunktet ikkje vil halde seg like lenge og godt i bakken). Ironisk nok, så var det eldste karbondaterte materialet ein bit ubrent treverk frå Sjakt A; truleg hadde dei våte, myrete tilhøva her vore bra for bevaringa.

5.3.1 Sjakt A

Det blei teke ut fem jordprøver frå masser i og under steinlaget i Sjakt A (jf. figur 10, vedlegg 1,4,5). Planen var å finne daterbart materiale i desse som kunne seie noko om etablering og bruk av dette moglege vegfare. Men, ein såg allereie i feltsituasjonen at dei kjeldekritiske utfordringane ville bli endå større her enn i Sjakt 1 frå 2015, sidan det klart var fleire nyare forstyringar her og fordi den større tilstrøyminga av vatn potensielt sett kunne vaske med seg materiale som trekol og frø frå dei nærliggande områda. Plasseringa i eit fuktig søkk auka også sjansen for både vasstransportert materiale og særleg god bevaring av organisk materiale.

Dei fem dateringsresultata avspeglar på sett og vis alt dette. I kronologisk rekkjefølgje ser det grovt sett slik ut; c. år 7400 f. Kr. (steinalder), c. år 3600 f. Kr. (steinalder), c. år 800 f. Kr. (yngre bronsealder), c. år 100-200 (romartid), c. 1650 – notid. Det finst ikkje noko stratigrafisk truverdig systematikk når det gjeld lokalisering av prøveuttak og alderen på det daterte materialet. Faktisk stammar den yngste dateringa (på ubrente frø) frå det lågast plasserte prøveuttaket i profilsnittet. Kva kan ein utleie av dette? Så mykje har skjedd, frå både «natur og kultur», som påverkar innhaldet innan vegtraséen generelt og prøvematerialet spesielt. Tilhøva innan Sjakt A var slik at ein verken kan påvise eller motbevise eksistensen av eit vegfar på denne staden i vikingtid – mellomalder.

5.3.2 Sjakt B

Det finst ei datering frå Sjakt B (jf. figur 12, vedlegg 1,4,5). Trekol herifrå stammar mest truleg frå 1300-talet, høg - og seinmellomalderen. Dette er med andre ord noko yngre enn vikingtid, men likevel klart førreformatorisk (før 1537). Her skal det understrekast at det er kjeldekritiske utfordringar ved å knyte karbondateringane av ein einskild trekolbit til konstruksjon eller bruk av vegfare; dette treverket har blitt brent ein annan stad enn på vegen, og dette kan ha skjedd både før og under brukstida til dette steinlaget. Derimot gjer plasseringa det lite sannsynleg at trekolet stammar frå aktivitetar i nærområdet *etter* at vegfare var gått ut av bruk. Dersom vi samanliknar med dateringsresultata frå Sjakt 1 i 2015, så plasserer dette resultatet seg mellom dei to periodane derifrå, men nærmast den yngste dateringane. Indikerer dette at vegfare nord om tunet på Nordre Sunde ikkje har hatt like lang brukstid som det påvist på sørsida, at det manglar bruksperiode frå vikingtid – tidleg mellomalder?

6 TOLKING AV LOKALITETEN

Eg vil hevde at undersøkingane i og ved Sundevegen i 2015 og 2017 har vist heile «skalaen» for kva slags tilhøve ein kan rekne med å møte ved utgravingar av denne typen. Sjaktene gjennom vegbana har vist at det finst klare restar etter eit steinfundamentert vegfar som stammar frå ferdsel her i eldre tid.

Karbondateringar av materiale frå dei best bevarte kontekstane, Sjakt 1 frå 2015 og Sjakt B frå 2017, har resultat frå vikingtid og mellomalder. Dette er spennande og uvanleg informasjon, og eit godt utgangspunkt for vidare forskning.

Ved slike undersøkingar trengst det noko meir enn berre fokus på vegen i seg sjølv; det er gjennom å presentere det større biletet, vegen som del av landskapet og samfunnet her i fortida, ein kan få både styrka argumenta for vegen sin eksistens og forstått meir av kva funksjon denne vegen kan ha hatt for dyr og menneske i gamle dagar. Difor har ein tidlegare (jf. Bjørdal mfl. 2018, Bjørdal 2019) vektlagt å presentere resultatane frå Sundevegen saman med informasjonen om utgravingane av dei nærliggande lokalitetane med busetnadsspor frå jernalder og moglege sidevegar, og om det historisk kjende gardstunet på Nordre Sunde. Dette har etter mi meining gjeve eit totalbilete som viser at det er mogleg at eit vegfar her kan ha kome til allereie i løpet av jernalderen, og at det er truleg at ei slik ferdselsåre var i bruk i løpet av mellomalderen, kanskje heilt frå vikingtid av. Utforminga, lokaliseringa og dateringar peiker i same retning, nemlig at dette er fysiske restar etter bruksfasar knytt til det som i historiske kjelder har blitt kalla «ridevegen». Dette har nok vore ein fleirfunksjonell veg, brukt til mellom anna å få dyr til og frå beite, hente inn grøde frå åker og eng, besøkje nabogarden, kome seg til kyrkje og drive handel. Vi har i tillegg sett spor i fleire kjelder etter sidevegar, delar av eit lágare og meir lokalt nivå i ferdselsnettverket.

Det finst utvilsamt eit stort potensiale for å jobbe meir med dei førmoderne vegane våre, både i Rogaland og i heile landet under eitt. For Sundevegen sin del, så kan ein satse vidare på fleire vis. Det hadde sjølvstøtt vore spennande å få gjere fleire sjaktundersøkingar langs traséen og i gamle sidevegar, men dette er krevjande og kostbart å få utført. Ei anna løysing er at arkeologar deltek som overvakarar ved inngrep i vegen, slik vil ein få ut eit minimum av informasjon og prøvemateriale utan å vere til særleg ulempe for utbyggjarar. Det har også i løpet av dei seinare åra kome til ein leite – og dokumentasjonsmetode som kan nøye seg med å rulle på overflata, nemleg såkalla georadar (GPR). Denne avdekkjer strukturar under bakkenivå ved å sende ut og fange opp att signal. Det bør vere mogleg å på dette viset kunne finne og følgje eventuelle steinlag under dagens moderne veg, og Am, UiS vurderer for tida å teste ut dette sidan slikt utstyr er tilgjengeleg hos oss.

Alt dette kan kombinerast med eit vidare perspektiv på vegen i landskapet. Her har eg fokusert på den delen av den gamle Sundevegen som ligg innan garden Nordre Sunde. Men, slike ridevegar og kyrkjevegar (jf. figur 3) strekte seg mykje lenger, og det har truleg funnest eit vegnett rundt store delar av Hafrsfjorden. Grepet med å leite etter spor frå gamle vegar i tekst, kart og terreng kan såleis utvidast, og det pågår for tida forskning rundt denne tematikken ved Am, UiS for heile distansen frå garden Nordre Sunde til garden Madla. Arkeologiske utgravingar på Madla i 2018 påviste sikkert daterte gardsanlegg her frå både eldre og yngre jernalder, inklusiv vikingtid, på eit høgdedrag lokalisert like ved historisk kjende anlegg som rideveg, kyrkje med kyrkjegard, og eit klyngetun. Det er truleg berre eit tidsspørsmål før ein klarar å kombinere alle desse tilgjengelege kjeldene til ny og spennande kunnskap om det gamle vegnettet her ved sagafjorden.

7 FORMIDLING OG PUBLIKUMSKONTAKT

Både synfaringa 03.02.17 og sjaktundersøkingane 28.08.17 var svært kortvarige feltarbeid, og det vart ikkje utført noko organisert formidling i samband med desse to dagane. Naboar og andre forbi-passerande blei informert og inspirert om veghistoria på staden i samband med sjaktundersøkingane.

I løpet av hausten 2019 har prosjektleiar Bjørdal utforma ein artikkel til Årbok for Norsk vegmuseum for 2019 (Bjørdal 2019). Denne tek føre seg både sjaktundersøkinga som først påviste vegfar her under Sundevegen i 2015, og dei nyare undersøkingane frå 2017. Resultata frå desse vert sett inn i ein større kontekst ved at informasjon frå både skriftlege, kartografiske og arkeologiske kjelder frå nærområdet blir brukt til å forstå samfunnet som vegfaret var ein del av.



Figur 14 Prosjektleiar Even Bjørdal sommaren 2019 tilbake ved området for Sjakt B, i samband med utforminga av artikkel i Årbok for Norsk vegmuseum 2019. Foto ved Håkon Aurlien, SVV Norsk vegmuseum.

8 PROSJEKTEVALUERING

Prosjektplanen og budsjettet for sjaktundersøkingane er blitt oppfylt ved at ein klarte å gjennomføre både feltarbeidet og etterarbeidet innan kostnadsramma som var avtalt med Norsk vegmuseum som oppdragsgjevar. Sjølve etterarbeidet og utforminga av oppdragsrapporten har teke noko lenger tid enn ønskeleg, men dette har ikkje gjeve ekstraavgifter for oppdragsgjevar.

8.1 Målsetnad og problemstillingar: korleis gjekk det i grunn?

I kap. 3 blei ein del problemstillingar for undersøkingane presentert, og nedanfor vert dei repetert saman med kommentarar om måloppfylling (i *kursiv*):

